

REGULERINGSFØRESEGNER

FØRESEGNER TIL FORENKLA REGULERINGSPLAN FOR LANGELANDSOMRADET I
GAULAR KOMMUNE, VEDTEKEN AV GAULAR KOMMUNESTYRE DEN

Reguleringsplanen gjeld følgjande eigedomar:

Gnr.106, bnr.1, 106/4, 106/5,106/9,106/42,107/1,107/2,107/3,107/3,
107/6,107/8,107/9,107/11,107/14,108/1,108/1festenr.1.108/2,109/1
festenr.1, 110/3 oh 110/5.

§1

Reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankart i
M=1:5000 dagsett 09.04.88 sist revidert 21.11.88 , er vist med
reguleringsgrense.

§2

Området vert regulert til følgjande føremål:

BYGGEOMRADE - området for bustadhus, fritidshus,hotell/kafeteria,
kiosk og Røde Kors - anlegg.

LANDBRUKSOMRADE

TRAFIKKOMRADE

parkeringsplassar, tilkomstveggar.

FRIOMRADE - område for skistadion
friområde

SPECIALOMRADE - friluftsområde
båthus
gamlevegen

§3

OMRADE FOR BUSTADHUS

Område 1, avgrensa av koordinatane: (x,y)

I område 1 skal det byggjast frittliggjande einebustader i inntil
1 1/2 etasje. Utbygginga av området skal skje etter tomtedelinga
som er synt på planen revidert 21.11.88.

Byggemelding skal godkjennast av bygningsrådet.

§4

OMRADE FOR FRITIDSHUS

a) Område 2, avgrensa av koordinatane: (x,y)

I område 2 skal det byggast frittliggjande fritidshus i 1 etasje.
Utbygginga av området skal skje etter disposisjonsplan godkjend

av Fylkesmannen den 27.11.79.

b) Område 3, avgrensa av koordinatene: (x,y)

I område 3 skal det byggast frittliggjande fritidshus i 1 etasje. I alt kan det byggast 15 slike, eksisterande fritidshus inkludert. Byggemelding skal godkjennast av bygningsrådet.

c) Område 4 og 5 , avgrensa av koordinatane: (x,y)
Respektive (x,y)

I område 4 og 5 er det avsett areal til eksisterande fritidshus. Det kan ikkje byggast nye fritidshus her.

§5

OMRADE FOR HOTELL/KAFETERIA.

a) Område 6, avgrensa av koordinatane: (x,y).....

I område 6 skal det byggast hotell/kafeteria i inntil 2 etasjar. Gesimhøgda vert fastsett av bygningsrådet.

Til område 6 skal anleggast tilfredstillande parkering på eigen grunn. Bygningsrådet fastsett krav til parkeringsplassar på grunnlag av framlagde utbyggingsplanar..

Bygging kan ikkje skje før det ligg føre fullstending bebyggelsesplan godkjend av bygningsrådet.

b) Området 7, avgrensa av koordinatane (x,y)

I område 7 er eksisterande kafeteria/kiosk regulert inn.

§6

Område for Røde Kors - anlegg, avgrensa av koordinatane (x,y).....
og gamlevegen

I område 8 er eksisterande Røde Kors - anlegg regulert inn.

§7

FRIOMRADE

a) I område 9 skistadion kan det oppførast garderober og andre naudsynte bygningar og anlegg. Desse skal godkjennast av bygningsrådet.
Område for skistadion skal så langt råd er, kunne nyttast til landbruksføremål om sommaren.

b) Friområda kan opparbeidast.

SPESIALOMRADE

a) Innafor friluftsområdet kan dagens utnytting (beiting og skoghogging) halde fram.

b) På område 13 kan oppførast båthus (naust). Planar for dette skal godkjennast av bygningsrådet.

c) Gamlevegen (postvegen) er regulert som kulturminne. Vanleg bruk og vedlikehald i samband med landbruksdrift er tillete.

Større utbetringsarbeid skal sendast fylkeskonservatoren til uttale.

§8

TRAFIKKOMRÅDE


- a) Vegar og parkeringsplassar skal tilpassast terrenget slik at ein unngår høge fyllingar og skjæringar.
- b) I område 10 og 11 skal det saman byggast 325 biloppstillingsplassar.
- c) Avkjøyrslar frå riksveg 14 er i samsvar med hovudplan for omlegging av riksvegen dagsett
- d) Endeleg utforming av avkjøyrslene til område 1,5,10,11,12 og 13.
- e) Tilkomstveg til område 6 er (merka). Eksisterande veg kan i samband med utbygging av område 6, omleggast og utvidast maksimalt til 5 m. bredde.

Omlegginga skal godkjennast av bygningsrådet.

FELLESFØRESEGNER

- a) Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at bygningane får god materialbruk og naturtilpassa form og farge. Utvendige fargar, herunder på tak, skal godkjennast av bygningsrådet.
- b) Eksisterande terreng og vegetasjon skal vernast i så stor grad som råd er.
- c) Det skal ved plassering av bygningar takast omsyn til tradisjonelle ferdselvegar. Gjerde kring dei einskilde hyttene kan ikkje oppførast.
- d) Bygningsrådet kan, innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene gje løyve til mindre vesenltege endringar frå desse føresgnene når særlege grunnar talar for det.
- e) Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar i strid med planen eller føresegnene.

Sande den 21.11.1988


Martin Sande

Vedteke i Gaular kommunestyre

sak K114/88